

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/4756-1

## Ny driftskontrakt for HAFS for perioden 2017-22. Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver

### Fylkesdirektøren rår hovudutval til å gjere slikt vedtak:

Ved utlysing av driftskontrakt for HAFS for perioden 2017-2022 skal følgjande leggjast til grunn:

1. Mellomstrategi for vinterdrift for heile vegnettet i HAFS, med unntak for følgjande vegar: fv. 606 og fv. 32 i Solund, fv. 364 på Atløy og fv. 365 på Bulandet. Det blir redusert syklustid på brøyting og strøing på størstedelen av vegnettet i driftsområdet. Det vert sett krav om saltløysing som saltmetode.
2. Driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktområdet.
3. Driftsentreprenøren må disponere ein snøfres og 2 hjullastarar i vintersesongen.
4. Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar:

Tunnel	lengde	Areal maling/hvitting
Fv. 606 Eilund1	90	540 m <sup>2</sup>
Fv. 606 Eilund2	126	760 m <sup>2</sup>
Fv. 607 Brensdal	129	780 m <sup>2</sup>
Fv. 609 Skorve	484	2900 m <sup>2</sup>
Fv. 609 Kvernberg (inngangssoner)	400	1200 m <sup>2</sup>

5. Brøytetrefrekvens på dei mest utsette strø- og brøyterodene må spesifiserast.

### Vedlegg:

1. Kart
2. Håndbok R610 Vintervedlikehald – Driftsklassar

Andre dokument som ikkje ligg ved:  
 Handbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksvegar  
<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Driftskontrakt HAFS 2012 - 2017 går ut 31.08.2017. Vi vil lyse ut ny driftskontrakt for HAFS sommaren 2016 for perioden 2017-22 med oppstart 01.09.2017.

I saka gjer vi greie for kva funksjonskrav, samt kva innsatsnivå og kva krav til tilstand og/eller krav til tiltak som vi vil legge til grunn i perioden 2017-2022.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gjort vedtak om at fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med standardkrav gitt i vegvesenet si handbok R610 "Standard for drift og vedlikehold" tidlegare handbok 111. For ytterlegare informasjon om handbok R610, kan ein gå inn på:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>.

Dokument «Framlegg til ny driftsstandard for fylkesvegnettet» vart handsama i sak 25/2016 Økonomiplan 2017-2020. Ny driftsstandard skal leggest til grunn for utlysingar av kontraktar i perioden 2017-21. Den skal såleis ikkje leggest til grunn for denne kontrakten.

#### Kort omtale av kontraktområdet HAFS

Kontraktområde HAFS omfattar kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og deler av Førde, Gaular og Høyanger kommune. Det er berre fylkesvegar i kontraktområdet. Sjå kart som ligg ved saka.

#### **Vegnettet**

Kontraktområdet omfattar totalt om lag 485 km veg

- 479 km fylkesveg
- 6 km gang-/sykkelveg langs fylkesveg

Gamle fv. 57 på utsida av Nishammartunnelen, totalt 2029 meter, er vinterstengt gang og sykkelveg.

#### **Trafikkbelastning**

Trafikken frå vegnettet varierer frå om lag ÅDT 10 til om lag ÅDT 3300, og det er forventa ein generell årleg trafikkvekst på 2,0% i kontraktområdet.

#### **Orientering om vegnettet**

Det er varierende standard og tilstand på vegnettet i kontraktområdet. Alle vegar har fast dekke. Mykje av vegnettet er gammalt, tilstanden varierer mykje. Dette utløyser omfattande behov for innsats innan drift- og vedlikehald, både sommar og vinter. Nokre få fylkesvegar har bruksklasse bk8 og mange av fylkesvegane har avgrensing i vogntoglengde. Delar av vegnettet er smalt, bratt og svingete. For mange av tunnelane, og ei bru, er det høgdeavgrensing på 3,9 m. Det nye Dalsfjordsambandet ligg og i kontrakten.

Kontraktområdet ligg langs kysten og det er difor lite snø og snørasproblematikk. Strekingar som er mest utsett for snøskred er fv. 93 Heldalsheia og fv. 609 Eidsfjorden. På fv. 609 ved Heilevang er det problem med is- og steinnedfall.

#### **Klimatiske forhold**

Kontraktområdet er nedbørsrikt, og er typisk kystklima på vestlandet med kraftig vind. Mengde snø på bakken er svært varierende. Temperatursvingingar kring 0 grader førekjem ofte i vinterhalvåret. Tida med samanhengande "kvit vinter" er kort for store deler av kontraktområdet. Normal årsmiddelnedbør innanfor kontraktområdet er 1500 – over 5000 mm/år. Normal årsmiddeltemperatur er frå 4,9 til 7,5 grader.

#### Ny driftskontrakt HAFS 2017-22. Kontraktinnhald

##### **Prosess 14 Arbeidsvarsling. Ny prosess i forhold til kontrakt 2012 – 2017.**

Arbeidsvarsling låg tidlegare prisa under kvar arbeidsprosess. Kravet til arbeidsvarsling har blitt vesentleg skjerpa og følgeleg vesentlig dyrare. Spesielt gjeld dette for arbeid i tunnelar. Det vert mellom anna kravd bruk av ledebil og manuell dirigering ved arbeid og opphald på vegbana i tunnelar. Det er og auka krav til dokumentasjon på arbeidsvarsling.

##### **Prosess 18 Samhandlingsprosess. Ny prosess i forhold til kontrakt 2012 – 2017.**

Det er samhandlingsprosess på 5 - 6 dagar før kontraktstart for å ha felles forståing av kontrakten.

Kontrakten omfattar i hovudsak alle drift- og vedlikehaldsoppgåver på fylkesvegnettet. Under er det lista opp ein del sentrale punkt i kontrakten:

- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reinhald og reinsk av tunnelar
- Drift av drencsystem for å sikre vatn fritt løp
- Lapping og reparasjon av lokale skadar i asfaltdekker, oppgrusing av lommar

- Drift/vedlikehold av murar, støyskjermer, stabilitetssikring, kantstein, gjerder, rekkverk, skilt og anna vegutstyr, rasteplassar, leskur, etc.
- Drift av grøntareal og skråningar inklusiv nedkjemping av uønskt vegetasjon
- Reinhold
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehold av bruer og kaier
- Vinterdrift

Det blir stilt krav til beredskap og entreprenøren skal kunne rykke ut og foreta nødvendige avsperringar/omskiltingar for å ivareta trafikktryggleiken og trafikkavviklinga. Entreprenøren skal etablere beredskap der han heile året kan rykke ut med nødvendig materiell.

#### **Oppgåver som ikkje inngår i denne kontrakten:**

- Dekkefornyng
- Oppmerking
- Drift av belysning
- Indre vedlikehold av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer, kaier.
- Oppsetting av nytt/utskifting av rekkverk.
- Investeringsoppgåver

#### **Vinterstrategi:**

##### *1406 HAFS 2012-17:*

I overgangsperiodar med bar veg vert dei viktigaste vegane drifta med «mellomstrategi». Mellomstrategi er ikkje beskrive i handbok R610, men er slik at når ein har bar veg og det er fare for rimfrost på vegen, skal vegen saltast preventivt for å hindre glatt veg. «Mellomstrategi» vil gje betre veggrep for trafikantane i periodane med tilnærma bar veg. Med «mellomstrategi» vil vi salte preventivt før det dannar seg is og rim på vegen. Med strategi vinterveg vert tiltak i form av strøing med sand eller saltblanda sand sett i verk etter at veggrepet er under våre friksjonskrav i h.h.t. handbok R610. Mellomstrategi i driftsområdet vert i HAFS-kontrakten for det meste utført med saltløysing spreidd på vegbana med tallerkenspreiar.

##### *1406 HAFS 2017-22:*

Vi ønskjer å halde fram med å nytte saltløysing då vi har gode erfaringar knytt til dette.

I handbok R610 er vegnettet inndelt i klassar for vinterdrifta. Driftsklasse A og B er tilnærma barvegstrategi. Driftsklasse C er tilnærma mellomstrategi og Driftsklasse D og E er tilnærma vinterveg:

#### Køyrevegar:

Vinterdriftsklasse A – DkA Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt).

Vinterdriftsklasse B – DkB Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt), hard snø/is tillates utenom hjulspor i begrenset tidsrom.

Vinterdriftsklasse C – DkC Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt) i milde perioder og hard snø/is i kalde perioder.

Vinterdriftsklasse D – DkD Godkjent føreforhold er hard snø/is.

Vinterdriftsklasse E – DkE Godkjent føreforhold er hard snø/is. Friksjon ned til 0,20 aksepteres. DkE skal ikke nyttes på riksveg.

#### Ferdsleareal for gåande og syklende:

Vinterdriftsklasse GsA Bymessig strøk med høy gang- og sykkeltrafikk. Hovednett for sykkeltrafikk.

Ferdselsareal hvor store deler av arealet eller strekningen har indikatorer.

Vinterdriftsklasse GsB Øvrige ferdselsareal for gående og syklende

Vinterdriftsklasse A og vinterdriftsklasse GsA vert ikkje nytta i 1406 HAFS 2017-2022. DkB har 3 klassar. For HAFS vert berre DkBlav foreslått nytta på 4 km på fv. 609.

#### Tilråding

Med bakgrunn i erfaring frå noverande driftskontrakt og andre kontraktar i Region vest, tilrår vi å nytte mellomstrategi, dvs. driftsklasse C med redusert syklustid på brøyting (frå 2,5 timar til 3 timar) og strøing (frå 3 timar til 4 timar) på størstedelen av vegnettet i driftsområdet, med unntak av vegarmar som ligg perifert til der vi tilrår driftsklasse D og E. Vi tilrår også å sette krav om saltløysing som saltmetode.

Vi reknar med at når vi endrar syklustid skal dette gje ei innsparing på 2 – 3 mill. kroner.

For å ikkje få for stort sprang i standard ved avkøyring frå E39 foreslår vi DkBI (Snø- og isfri (bar)) veg i hjulspor, på minst 2/3 av køyrefeltsbreidda) på ca. 4 km på fv. 609 frå kryss med E39 og mot Steinen.

### Krav til utstyr i kontrakten

I driftskontrakten for HAFS 2017-2022 for vinterdrift vil det bli stilt krav til entreprenør på utstyr for vinterdrifta; 2 stk. hjullastarar, fres og veghøvel. Det har vore avdekka avvik på krav til maksimum snø- og is-sole. Ein av årsakene til dette meiner vi var at entreprenørane ikkje hadde tilgjengelig rett utstyr til å fjerne dette. Med erfaring frå noverande kontrakt, ønskjer vi å legge føringar om tilgjengeleg snøfres for rømming og evt. opning av veg. Spesielt gjeld dette fv. 93 over Heldalsheia.

### Tilråding

Vi tilrår å sette føringar/krav i kontrakten om at driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktområdet.

Vi tilrår å sette føring i kontrakten om at driftsentreprenøren kan disponere ein snøfres og 2 hjullastarar i vintersesongen.

### Reinhold av fylkesvegtunneler:

Når det gjeld reinhold av tunnelar, er frekvens på reinholdet styrt ut frå ÅDT på vegstrekninga. I handbok R610 er frekvens på reinhold i tunnelar endra i høve gamal handbok. Vi er usikre på korleis dette slår inn økonomisk ved ny kontrakt basert på R610.

### Maling/kviting av fylkesvegtunneler:

Region vest sin politikk går fram nedanfor:

«I Region vest skal det nyttast kvitmåling til betring av lystilhøva i følgande tunnelar på riksvegnettet:

- 1) Tunnelar med ÅDT > 8000 vert målt 3 m opp i heile lengda
- 2) Alle tunnelar med kurvaturradius < 400 m i inngangssona og der køyretøybana er mindre enn 6,3 m vert kvitmåla 3 m opp i inngangssonene.
- 3) Kvitmåling kan også vurderast ved andre spesielle forhold, som t.d. manglande lys, stor gangtrafikk e.l.

Som kvitmåling skal nyttast sementbasert kvitmåling. Kvitmålinga vert lagt inn i driftskontraktane etter kvart som dei vert lyste ut på ny. Vi gjer fylkeskommunen kjende med vedtaket og tilbyr å innføre det same på fylkesvegnettet i denne kontrakten.

Vi meiner at nokre av fylkesvegtunnelane bør malast på sidene i ei høgde på om lag 3 meter. Bakgrunn for ønsket er i høve trafikksikkerheit. Dette gjeld 200m i inngangssoner i Kvernbergtunnelen, samt heile Brensdaltunnelen, Skorvatunnelen og Eilundtunnelen 1 og 2. Når det gjeld kostnad til maling/kviting av tunnelar varierer kostnad pr./m<sup>2</sup> frå om lag 40,-/m<sup>2</sup> til 100,-/m<sup>2</sup>. Det er difor vanskeleg å stipulere kostnad på dette. Dersom vi tek utgangspunkt i ein snittpris på kr. 60,-/m<sup>2</sup>, vil vi få følgjande kostnadsoverslag:

Tunnel	lengde	Areal maling/hvitting	Antatt kostnad
Fv. 606 Eilund1	90	540 m <sup>2</sup>	33.000,-
Fv. 606 Eilund2	126	760 m <sup>2</sup>	46.000,-
Fv. 607 Brensdal	129	780 m <sup>2</sup>	46.000,-
Fv. 609 Skorve	484	2900 m <sup>2</sup>	174.000,-
Fv. 609 Kvernberg (inngangssoner)	400	1200 m <sup>2</sup>	72.000,-

### Tilråding

Vi tilrår difor at det blir sett av midlar til dette og at det blir beskrive eit omfang (m<sup>2</sup>) på kvitmåling i kontrakten. Vårt forslag som er vist i tabell over gir ein kostnad på om lag 0,4 mill. i kontraktperioden.

### Krav til strø- og brøyteroder

I driftskontraktane har vi i dag ingen krav til maksimal lengde på strø- og brøyteroder. Vi ser at for lange roder kan virke inn på standarden for vinterdrifta. I ny landsdekkande kontraktsmal for driftskontraktar er det stilt krav til brøytefrekvens. Vi ønskjer å spesifisere frekvensen på nokre strø- og brøyteroder.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Kontraktsummen for HAFS 2012 – 2017, 5 år, var på 121 mill. ekskl. mva i 2012-kr. Omrekna til 2016-kr blir kontraktsummen på 133. Dette gir ein årleg kontraktspris på ca. 26,6 mill. kr. i 2016-kr.

Førebels kostnadsoverslag for HAFS 2017-2022 er 143,7 mill. kr. Dette er inklusiv 0,4 mill. til kviting av tunneler. Dette gir ein årleg kontraktspris på ca. 28,7 mill. eks. mva.

Det er innført nye momsreglar for vegarbeid. Der vi før hadde momsfrítak på «arbeidet på vegen» er det innført full moms på alt arbeid på lik linje med samfunnet elles. Vi reknar at vi tidlegare hadde moms på ca. 4 % av kontrakten mot 25 % i dag.

## **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren vil tilrå utlysing av ny driftskontrakt for HAFS med dei krav som vist i saka.